

STIPEND OG LÅN TIL UTDANNING FOR FLYKTINGAR

Er du flyktning?

Du blir rekna som flyktning dersom du er utanlandsk statsborgar og har fått vern (asyl) i Noreg. Du må vere registrert med flyktningstatus hos Utlendingsdirektoratet (UDI).

Du kan få stipend og lån

Er du flyktning, kan du få stipend og lån til all utdanning i Noreg som er godkjend for stipend og lån frå Lånekassen.

Unntak:

Dersom du bur i asylmottak, har du ikkje rett til lån og stipend frå Lånekassen, bortsett frå utstyrsstipend, som ungdom i vidaregåande utdanning kan få. Du kan få andre stipend og lån når du har fått vern (asyl) og du har flytta ut av asylmottaket.

Flyktingar kan få flyktningstipend

Flyktingar som ikkje har fullført grunnskole eller vidaregåande skole, kan få flyktningstipend til dette. Dersom du har rett til flyktningstipend, vil du få alt eller det meste av pengane utbetalt som stipend. Dersom du tar høgare og annan utdanning, har du ikkje rett til flyktningstipend, men du kan søke om vanleg stipend og lån til utdanning i Noreg på lik linje med norske statsborgarar.

Flyktningstipend i maksimalt tre år

Du kan få flyktningstipend i maksimalt tre år, men tale år avhenger av kor raskt du begynner i utdanning etter at du fekk vern (asyl).

Begynner du på utdanninga innan tre år etter at du fekk vern, kan du få flyktningstipend i tre år, begynner du innan fire år etter at du fekk vern, kan du få flyktningstipend i to år, og begynner du innan fem år, kan du få flyktningstipend i eitt år.

Perioden du kan få flyktningstipend kan bli utvida med inntil to år dersom du har barn eller får barn i løpet av den tida du kunne ha fått flyktningstipend. Du må begynne på utdanninga før barnet fyller 10 år. Dersom du har rett til grunnskoleopplæring før vanleg vidaregåande skole, kan du likevel få flyktningstipend i tre år, sjølv om du ikkje begynte i utdanning før etter fem år.

Introduksjonsstønad påverkar retten til stipend og lån

Du har ikkje rett til flyktningstipend i den perioden du får introduksjonsstønad frå kommunen eller Nav. Får du ikkje introduksjonsstønad gjennom heile skoleåret, kan du få flyktningstipend for den perioden du ikkje får introduksjonsstønad.

Kor mykje pengar kan du få?

Går du i vidaregåande opplæring med ungdomsrett¹, blir stipend og lån rekna ut på same måte som for norske elevar. Forskjellen er at du får heile beløpet som flyktningstipend, unntatt tilleggslån og lån til skolepengar. Går du i grunnskole, eller tar du vidaregåande opplæring utan ungdomsrett, blir beløpet rekna ut på same måte som for norske studentar i høgare utdanning. Forskjellen er at basislånet blir utbetalt som flyktningstipend.

Merk: Flyktningstipendet kan bli gjort om til lån dersom du har inntekt, trygd eller formue over visse grenser, sjå avsnitt om dette nedanfor. Tilleggslån og lån til skolepengar kan ikkje bli gitt som flyktningstipend.

¹ Ungdom som har tatt grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har lovfesta rett til vidaregåande opplæring. Ungdomsretten gjeld ut det skoleåret som begynner det året du fyller 24 år.

Utdanning	Slik søker du	Beløp dersom du tar fulltidsutdanning
Grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæring som du har rett til etter opplæringslova § 4A-1 første ledd.	Bruk søknaden for høgare og annan utdanning.	Flyktningstipend: 56 145 kroner per semester.
Grunnskoleopplæring for elevar med ungdomsrett. Opplæringslova § 4A-1 andre ledd.	Bruk søknaden for vidaregåande opplæring.	Beløp som for vidaregåande opplæring med ungdomsrett, men lågaste sats av utstyrsstipendet. Sjå under.
Vidaregåande opplæring med ungdomsrett.	Bruk søknaden for vidaregåande opplæring.	Utskyrsstipend: 1 071 – 4 412 kroner, avhengig av utdanningsprogram. Bortebuarstipend: 4 603 kroner per måned dersom du må bu borte frå foreldra dine. Bortebuarar over 18 år kan få eit ekstra beløp på 3 323 kroner per måned. Inntektsavhengig stipend: 1 114 – 3 344 kroner per måned dersom forsørgarane dine har svak økonomi. Om du kan få dette, og kor mykje du eventuelt kan få, er avhengig av inntekta til foreldra dine. Beløpa du kan ha rett til i bortebuarstipend, inntektsavhengig stipend og lån, blir utbetalt som flyktningstipend.
Vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.	Bruk søknaden for høgare og annan utdanning.	Flyktningstipend: 56 145 kroner per semester.
Høgare eller annan utdanning. Universitet eller høgskole. Annan utdanning er for eksempel folkehøgskole, fagskole, kunstskele eller IT-skole.	Bruk søknaden for høgare og annan utdanning.	Du kan ikkje få flyktningstipend til høgare og annan utdanning. Men du kan få stipend og lån etter dei same reglane som norske studentar, det vil seie inntil 56 145 kroner per semester i basislån til fulltidsutdanning. Inntil 40 prosent av basislånet kan bli gjort om til stipend om du ikkje bur saman med foreldra dine. Les meir på www.lanekassen.no . Er du fulltidsstudent i høgare utdanning eller fagskoleutdanning, kan du få meir stipend og lån.

I tillegg til beløpa du ser i tabellen, kan du ha rett til

- barnestipend og tilleggslån dersom du har omsorg for barn
- tilleggslån dersom du er over 30 år
- lån til eventuelle skolepengar
- tilleggssstipend om du har nedsett funksjonsevne

Flyktningstipend kan bli gjort om til lån

Heile eller delar av flyktningstipendet kan bli gjort om til lån dersom du har hatt inntekt, trygd eller formue over grensene i forskrifta (behovsprøving). Dersom du forsørger barn, vil også barnestipend bli redusert eller falle bort dersom du sjølv eller din ektefelle/sambuar har inntekt, trygd eller formue over grensene i forskriftene.

Behovsprøving mot inntekt, trygd og formue skjer i løpet av sommaren/hausten året etter at du fekk stipend eller lån, når skatteoppgjeret ditt er klart. Les meir på www.lanekassen.no.

Slik søker du om stipend og lån

Det finst ikkje ein eigen søknad for flyktningstipendet. Du må bruke søknaden om stipend og lån som du finn på www.lanekassen.no.

Dersom du er eller skal vere i introduksjonsprogrammet i perioden du søker om stipend eller lån, må du sende inn **kopi av vedtaket frå kommunen eller Nav som viser perioden du får introduksjonsstønad**.

Dersom du har avslutta introduksjonsprogrammet, må du sende inn **stadfesting frå kommunen eller Nav som viser kva dato du fullførte introduksjonsprogrammet**.

Lånekassen hentar inn opplysningar frå UDI om opphaldsløyvet ditt. Du treng derfor ikkje å sende inn dokumentasjon frå UDI om vi ikkje ber spesielt om det.

Svar på søknaden om stipend og lån

Du kan følge søknaden og sjå behandlingresultatet på Dine sider på www.lanekassen.no.

Utbetaling

Før du kan få pengar, må desse tre tinga vere i orden:

1. Skolen din må stadfeste at du har fått **opptak til utdanninga** og har møtt fram til undervisninga.
2. Du må ha oppgitt eit gyldig norsk **kontonummer** som tilhøyrer deg. Dette gjer du i søknaden. Du kan endre kontonummeret på Dine sider.
3. Avtalen om støtte må vere **signert**.
 - Har du fylt 18 år, må du sjølv signere avtalen om støtte.
 - Er du under 18 år, må éin av foreldra dine signere avtalen om støtte. Dersom du er foreldrelaus, eller foreldra dine bur i utlandet, må verja di signere avtalen om støtte.

Får du lån, må både foreldre/verje og du sjølv signere avtalen om støtte.

Dersom du avbryt utdanninga

Avbryt du utdanninga di, må du straks melde frå om det til Lånekassen.

Les meir på lanekassen.no

